Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 3 APRIL-MAI 1992 25. ÅRG.

# KIM til ARNA

Kim Larsen tek til som sivilarbeidar i Arna kyrkjelyd 7. april. Han skal gjera teneste i kyrkjelyden fram til juni 1993.

Kim Larsen skal vera med i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden som vaksenleiar i ungdomskoret Keryx og ungdomsklubben Arken og medhjelpar i Arna barnekantori og Klubben for funksjonshemma.

Arna kyrkjelyd gler seg over å ha Kim mellom oss att. Han har tidlegare vore kateketvikar og ungdomsarbeidar i Arna.

Ei gjevarteneste er oppretta for å dekka utgiftene til siviltenesta. Er det fleire som vil vera med kan dei ta kontakt med Liv Rodal på telefon 240041. På bilete ser vi Kim saman med mora, Edle.



## Vårens konfirmantar

Sjå midten

# *Lat riket ditt koma*

kom til oss
kom til oss
Gud
kom til oss

vi drøymde
at Gud var hos oss
han vekte oss opp
sa det var sant:
Jesus er her

vi tenner eit lys
i verda
og ventar på deg
Gud

*Skriven av Oskar Stein Bjørlykke*
*Frå heftet «Fadervår», IKO-forlaget 1991*
*Trykt med løve*



# Den gode lengselen

Vi er ved inngangen til en ny årstid. Våren nærmer seg med alt det den inneholder. Vi lengter etter våren. Vi lengter etter at livet igjen skal spire fram. Vi lengter etter å se de grønne flekkene rundt oss. Vi lengter etter livet i naturen i hele dets utfoldelse. Vi kjenner alle til den gode lengselen som sitter dypt inne i oss. I denne årstiden er den sterkere enn ellers i året.

Lengselen gir oss håp, og derfor må vi ta vare på den som noe gudgitt og dyrebart. Lengselen åpner oss mot Guds skaperverk og mot Gud. Wilfred Stinissen sier: «Lengselen er den aller beste forberedelsen til å få det vi lengter etter, og få det i rikt mål. Lengselen åpner oss, lengselen graver ut nye dyp, lengselen utvider oss så vi rommer mye mer».

Lengselen lever. Bibelen kaller lengselen for tørst: «Likesom hjorten stunder etter bekker med rennende vann, slik stunder også min sjel etter deg, min Gud. Min sjel tørster etter Gud, etter den levende Gud». (Salme 42, 2-3). Den gode lengselen etter det gudhengivne liv har trange kår mellom mange mennesker idag, men det er viktig at den gode lengselen får livsrom mellom oss. Den som lengter etter samfunn med Gud, skal få oppleve det.

**Trygve Johansen**



## ARNA BARNEKANTORI

Starter opp med ASPIRANTKOR til hausten for 1. og 2. klassingar.
Instruktør vert Inger Johanne Enger.
Er du interessert?
Ta kontakt med kantor Asbjørn Flåm, Arna kyrkjekontor, tlf. 24 02 15 for nærmare informasjon.



# Kirkens mannsarbeid

I over 40 år har Kirkens Mannsarbeid avviklet årlige landsmøter forskjellige steder i landet. Neste landssamling blir på Haugen Hotell, Geilo i tiden 4.-6. sept. d.å.

Målet med mannsarbeidet er å lede mannen til Kristus og inn i det kristne fellesskap. De lokale mannsgrupper o.l. er krumtapper i virksomheten. Landsmøtenes hensikt er således å gi kraft og glede for den enkelte deltaker og inspirasjon tilbake til det lokale arbeid i menigheten, mannsgrupper m.v.

Temaet denne gang er:
I JESU OMSORG.

Hovedtaler blir fakultetslektor og landsrådsformann for Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag, TORE KOPPERUD. Lærer JOHANNES LYNGSETH vil synge og spille. Ellers regner man med besøk av krefter fra den lokale menighet. Det blir god tid til gruppearbeid.

Motto: Kameratskap, omsorg og hygge.

Program fås ved henvendelse til prestekontoret eller Odvar Omland, Hukenvn. 15, 1370 Asker — tlf. 02-78 28 02 og Henry Damhoff, Ullevålsvn. 79B, 0454, Oslo 4, tlf. 02-46 79 59.

PÅMELDING INNEN 10. august 1992.

# K-FORUM

Vel møtt
i Kyrkjelydshuset
**Tirsdag 12. mai**
**kl. 19.30**

TEMA: KVINNE-PERSPEKTIV I NYERE LITTERATUR
v/Fylkesbiblioteksjef
Tove Pemmer Sætre

Videre ber vi om at du setter av **tirsdag 2. juni** til BLÅTUR med helt spesielt innhold — virkelig noe å glede seg til. Dette kommer vi tilbake til.

# Gåve til Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

Kyrkjelydshuset i Ytre Arna har i den seinare tid hatt ein god del uventa utgifter. Vi har måtta ordna og fornya det elektriske anlegget for ca. 25.000 kr. Vi har og hatt 3 innbrudd på vel 1 år. Riktignok har vi forsikring på huset, men med ein eigenandel på kr. 5.000 for kvart innbrudd, så blir det ein del tusen. På bakgrunn av dette legg vi ved ein postgiro innbetalingsblankett til husstandane i Ytre Arna, og håpar at nokon kan tenkja seg å gi ei gåve til kyrkjelydshuset.

# Familiefest 17. mai

17. mai blir det stor familiefest i kyrkjelydshuset i Arna klokka 18.00.

Sokneprest Per Inge Eide på Osterøy taler.

Festmat.

Mye godt program.

*Velkommen!*



# Kirkeliv landet rundt

## Smertefritt

Smertefrie vigsler på Hedemarken var tittelen på et oppslag i Hamar Arbeiderblad nylig. Det fortalte om soknepresten i Romedal sør for Hamar som i menighetsbladet hadde annonsert etter giftelystne på denne måten: «Samboere!! Vigsler utføres fagmessig og smertefritt». Nå har det første samboerparet meldt seg etter å ha sett annonsen.

-Men annonsen er ikke mitt påfunn. Den har gått land og strand rundt, sier sokneprest Henrik Moen i Romedal og legger til: -Det er bare fint at folk blir glade i hverandre, men for meg er det viktig at en vigsel trygger begge parter økonomisk. Og hvorfor bruke penger på en advokat som setter opp samboeravtale, når samme tjenesten utføres gratis hos presten eller sorenskriveren, spør han.

## Himmelsk lønn

Biskopshavn menighetsblad har annonsert etter sjåfører på denne måten: Ledig stilling. Vi har bruk for flere sjåfører til å hente og bringe kirkegjengere som har vansker med å gå til kirken. Kan du ta telefonvakt i kirken klokken 10 og kjøre en tur eller to en eller flere søndager pr. halvår? Lønn etter Herrens regulativ når tiden er inne...Vi kan dessverre ikke legge ut så lenge.

## Salmer til frokost

Hasle menighet i Oslo er kommet til at salmesang og frokost- spising er en utmerket kombinasjon. I Haslebladet blir det annonsert for en slik samling i kirken en søndag klokken 09.30. Vi kommer sammen til en felles frokost og synger salmer innimellom skivene, eller kanskje etter frokosten. Ta med litt pålegg.

## Ikke fra himmelen

Kyrkjebladet kommer fra trykkeriet, ikke fra himmelen, opplyser Kyrkjeblad for Verdal. «Bladet kommer ikke som manna fra himmelen. Det kommer fra trykkeriet. Folkene på trykkeriet gjør en god jobb. Det skal de ha betalt for», står det i bladet. Så blir det vist til giroblanketten for kontingent for kyrkjelydsbladet. G.

## Iver-tjenesten

«Kontakt», som er organ for Østenstad menighet, presenterer en munter liten fyr med navnet G. Iver. Han reklamerer hemningsløst for G. Iver-tjenesten, og det med et stort smil.

---

# Påskefestveka i Bergen

## Arrangement i Arna kyrkje

**Fredag 10. april kl. 19.00:**
Bjørgvin kirkespillgruppe framfører spelet: «BARABBAS».
Leiar: Henning Langeland.
Nattverd.
Sokneprest Kjell Nese.

**Søndag 12. april kl. 19.00:**
Musikkandakt.
Kantor Asbjørn Flåm, orgel, Per Bjørkhaug, kornett.
Sokneprest Kjell Nese.
Kollekt.

**Lørdag 18. april kl. 23.00:**
Påskenattsgudstjeneste.
Liturg: Arve Brunvoll.
Sokneprest Kjell Nese.
Kapellan Trygve Johansen.
Kantor Asbjørn Flåm.
Kantor Siri Brunvoll.
Samansatt kor.

*Arrangementa er i samarbeid med Påskefestveka i Bergen 1992.*

*Brahmanbazar, Bangladesh:*

# BØNETIMEN

I går var eg ute og drakk te hos ein muslimven. Rett så koseleg var det. Han hadde nyleg vore i Mekka på pilgrimsreise, og fortalde kor fint det hadde vore; ja, eg fekk til og med smaka dadlar brakt heilt frå Mekka. Men midt i besøket forsvann han, og i døropninga inn til kjøkkenet skimta eg skuggen hans; det var bønetid. Då fekk gjester vera gjester og tebesøk vera tebesøk, nå var det tid for bøn. Eg sat berre og venta. Etter ei tid kom han tilbake som om ingen ting var hendt, og vi kunne fortsetja praten.

Tanken går til ei tidligare hending; eg var i Dhaka og skulle ha tak i ein kollega, og ringde han. Ho som svara i den andre enden av telefonen, bad meg høfleg om å ringja om ein halv time, det var bønetime nå. Eg har ennå tilgode å få svar på telefonsvararen i Norge at doktoren er opptekken med å be; knapt nok på prestekontoret får ein slikt svar. Og ikkje har eg elles opplevd at nokon har forlatt kaffibesøket nokre minuttar for å gå i lønnkammeret. Nå kan ein vel knapt seie at muslimen på bønematta er det same som ein kristen i lønnkammeret; kanskje det er nærare han på gatehjørna? Dog har han ein iver som eg av og til misunner; eg som har vanskeleg nok for å samla meg nokre minuttar i stillhet om morgonen før eg rasar ut til dagens krav og oppgåver.

Sist sundag vart eg forresten stansa. På veg til kyrkja kom eg innom klinikken. Der var det nett kome ein pasient; ikkje nett øyeblikkeleg hjelp, men me kunne no sjå på han, sjølv om det var sundag. Eg traff vår nasjonale sjukepleiar; ho også var på veg til kyrkje. «Skal vi behandla pasienten med ein gong», foreslo eg. «Nei, vi går til kyrkje fyrst», meinte ho. Det forsto pasienten godt. Han tok seg ein kopp te medan han venta den timen me var i kyrkja; slikt var då heilt naturleg for han. Og slik vart det. Ikkje fordi eg var så ivrig, men fordi vår nasjonale sjukepleiar sette tinga i rett orden. Og det minner meg om noko eg så ofte har lært, men ofte gløymer: «den gode del» som Maria hadde valt. Jesus ynskjer sikkert aktive kristne, men fyrst vil han ha oss for seg sjølv, tena oss, gje oss, utrusta oss, for så å la oss gå ut til tenesta for seg.

*Ved Jesu føter ei stille stund,*
*Når orda kjem frå hans eigen munn.*

*Når eg med Jesus åleine er,*
*Då er det hugnad å leva her.*

*Kvar finst ein fagrare stad på jord?*
*Kvar høyrest visare sanningsord.*

*Når eg med Jesus åleine er,*
*Då ynskjer eg ikkje meire her.*

*Her må det tunge og vonde fly,*
*Her vert eg alltid i striden ny.*

*For eg med Jesus åleine er,*
*Den største løyndom får løysing her.*

(M. Orheim)

**Ottar Hope**






***Ottar Hope er mijonær på Sylhet-feltet i Bangladesh.***



# Lovsangkonsert



I dagane 30. april — 3. mai vil Hordaland få besøk av Ungdomskoret SIFA frå Oslo.

Koret har i år lagt sin vår-turné til Øystese, Indre Arna, Bergen og Stord, og ser fram til å sjå så mange som mogeleg på desse plassane.

SIFA består av omlag 80 sangarar i alderen 19-35 år. Brorparten av desse er studentar, mens nokre arbeider i Oslo-distriktet. Songarane kjem frå mange kantar av landet, og Hordaland er i år sterkt representert. Difor er det ikkje umogeleg at du treff kjente om du møter opp på ein av konsertane.

Namnet SIFA tyder «lovsong» på swahili-språket, og dette er eit uttrykk for noko av det koret ynskjer å formidle. Konsertprogrammet har stor musikalsk spennvidde, og famnar om alt frå eldre salmar til meir moderne gospel. Koret ynskjer å formidle ein klar kristen bodskap gjennom sang, musikk, vitnesbyrd og samtale.

Første stopp for SIFA er Øystese kyrkje torsdag kveld. Turen går vidare til konsert i Arna kyrkje fredag ettermiddag, 1. mai, og Frikyrkja i Bergen same kveld. Laurdag kveld vert det konsert i bedehuset på Stord.

# Konfirmantar våren 1992

**Konfirmasjon i Takvam kapell**
**søndag 26. april kl. 11.00**
Renate Grimstad
Hilde Kristin Kjerrgård
Solveig Maria Thunes

Tomas Blom
Bjarte Magnussen
Roy Åge Minde

**Konfirmasjon i Arna kyrkje**
**søndag 3. mai kl. 10.00**
Kristine Amble
Sissel Arnesen
Marianne Birkeland
Stephanie Bøhm
Katrine Frilund Halvorsen
Janne Christin Hansen
Siv Iren Hansen
Camilla Haukås
Frida Apalset Henriksen
Marita Indrearne
Jannicke Juvik Jacobsen
Anne Kristin Knudsen
Anita Lillefosse
Mona Lilletvedt
Monika Terese Lundgren
Kjersti Mjelde
Marianne Nesøy
Kristine Nygård
Elin Irene Seilen
Solveig Tangen
Siril Borge Trahaug
Mona Vedå
Ann Helen Dale Vågen

Thomas Brandsdal
Kjartan Gundersen
Sturla Herfindal
Lars Gaute Holm
Trond Reidar Hvedding
Thomas Jakobsen
Roy Harald Klaussen
Henning Malmedal Larsen
Kristian Malmedal Larsen
Dag Haagen Nesse
Arild Nåmdal
Morten Boge Rasmussen
Bjarte Nordbustad Torgersen

**Konfirmasjon i Arna kyrkje**
**søndag 3. mai kl. 12.15**
Therese Bendiksen
Ingelin Haugen Bysheim
Agathe Blom Dahl
Birthe Eide
Hilde Mestad
Astrid Margrethe Værøy

Tore André Brakstad
Raymond Viggo Halland
Wiggo Haugsvær
Kjell Magne Helle
Stian Helgesen
Tommy Hjellum
Lars Tommy Jakobsen
Torbjørn Langenes
Bjarte Minde
Rune Mo
Torstein Leiv Nordstrand
Erik Rosendahl
Kenneth Smørdal
Robert Stavenes
Ronny Sunde
Claus Petter Vestnes

**Konfirmasjon i Trengereid kapell**
**søndag 10. mai kl. 10.00**
Karina Midtun
Marian Moldekleiv
Laila Taule
Janne Øijord
Dan Eigir Martinsen
Elling Jordal Minde
Cato Skulstad
Leif Vidar Skulstad
Lars Rune Sæterdal

**Konfirmasjon Arna kyrkje**
**søndag 10. mai kl. 12.15**
Vivian Therese Abildgaard
Camilla Djønne
Kristina Djønne
Cecilie Erdal Eriksen
Nina Haga
Merethe Hansen
Hilde Heggernes
Silje Hjertås
Randi Helene Holsen
Ingrid Alice Klementsen
Christine Knutsen
Linda Korsvold
Monica Kristin Nilsen
Brit Ingrid Reigstad
Synnøve Rodal
Kjersti Skjervheim
Lillian Irene Stormo
Hildegunn Sætre
Cecilie Thornquist
Elin Jorunn Vik
Kristine Åsheim

Baste Antun
Aleksander Askeland
Eirik Bjørkhaug
Tomas Blom
Karl Henrik Felde
Trond Arne Garnes
Svein Are Hollekve
Kjetil Luneng
Stian Mørk
Thomas Reigstad
Bernt Are Johanes Revheim
Torbjørn Solberg
Bjarte Ursin

Elisabeth Tømt
**konfirmeres i Søreide kirke søndag 3. mai**

Jannicke Lund
**konfirmeres i Såner kirke søndag 10. mai**

**Konfirmanter i Ytre Arna**
**3. mai 1992 kl. 11.00**
Erlend Rinke Bangstad
André Christensen
Rene Holm
Svein Kvamme
Egil Landøy
Ove Steinar Mikkelsen
Petter Mjelde
Roald Osland
Eivind Wattø Rolland
Allan Stavenes
Knut Eivind Elvik Aadland
Johannes Aasheim

Kristine Aske
Siren Birkeland
Trude Bratli
Elisabeth Hundhammer Hansen
Ingvild Mjeldheim
Gry Nesheim
Cathrine Borge Olsen
Ina Renate Rolland
Laila Solberg
Linda Songstad
Silje Helle Sørensen
Monica Tømmerstrand

# *Velkomen til kyrkje*

**APRIL 07** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Temagudsteneste i samband med dør til dør aksjon for Kirkens Nødhjelp.

**APRIL 08** **Arna kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Skriftmål/Nattverd.

**APRIL 10** **Arna kl. 19.00.** Bjørgvin kirkespillgruppe spiller kirkespillet «Barabbas» av Henning Langeland.

**APRIL 12** *Palmesøndag — Joh. 18, 36-40.*
**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Dåp. Lone Skulemusikk-korps. Takkoffer til Arna kyrkjelyd sin barnehage.
**Arna kl. 19.00.** MUSIKKANDAKT. Per Bjørkhaug — kornett. Andakt v/sokneprest Nese.
**Trengereid kl. 11.** Kap. Johansen og Sigvald Storheim. Takkoffer til Kalfarkollektivet.

**APRIL 16** *Skjærtorsdag — Joh. 13, 1-15.*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til israelsmisjonen.
**Ytre Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd.
**Takvam kl. 16.00.** Sokneprest Nese. Nattverd.
**Arna helseheim kl. 16.00.** Kap. Johansen. Nattverd.

**APRIL 17** *Langfredag — Joh. 18, 1-19,30*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Ytre Arna kyrkjekor.

**APRIL 18** *Påskenatt*
**Arna kl. 23.00.** PÅSKENATTSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese og kap. Johansen. Liturg Arve Brunvoll. Felleskor. Nattverd.

**APRIL 19** *Påskedag — Joh. 20, 1-10.*
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til den norske Sjømannsmisjon.
**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Takkoffer til Den norske Sjømannsmisjon.
**Trengereid kl. 18.00.** Sokneprest Nese.
**Redningshytta på Gullfjellet kl. 13.00.** ANDAKT v/Jens Hauge.

**APRIL 20** *2. påskedag — Joh. 20, 11-18.*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd.

**APRIL 22** **Ytre Arna kl. 19.00.** SAMTALEGUDSTENESTE. Kap. Johansen.

**APRIL 23** **Arna kl. 19.00. SAMTALEGUDSTENESTE. Konfirmantane frå Garnes og Takvam.**
**Kollekt til barne- og ungdomsarbeidet i Arna.**

**APRIL 26** *1. s.e. påske — Joh. 21, 1-14.*
**Arna kl. 11.** Sokneprest Knut Hernes. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
Søndagsskule.
**Takvam kl. 11.** KONFIRMASJON. Sokneprest Nese og kateket Rodal. Takkoffer til Takvam kapell.
**Ytre Arna kl. 18.00.** SALMEKVELD.

**APRIL 29** **Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste. Konfirmantar frå Ådnamarka. Kollekt til barne- og ungdomsarbeidet i Arna.

**APRIL 30** **Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste. Konfirmantar frå Lone. Kollekt til barne- og ungdomsarbeidet i Arna.

**MAI 01** *Luk. 6, 31-35*
**Ytre Arna kl. 10.** Sokneprest Harald Sundsbø. Takkoffer til kristne arbeideres forbund.
**Arna kl. 17.00.** KONSERT. «Sifa». Misjonsambandet sitt studentkor.



**MAI 03** *2. s.e. påske — Hebr. 13, 20-21*
**Arna kl. 10.00.** KONFIRMASJONSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese og kateket Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 12.15.** KONFIRMASJONSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese og kateket Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.** KONFIRMASJONSGUDSTENESTE. Kap. Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**MAI 06** **Trengereid kl. 19.00.** Samtalegudsteneste. Kollekt til ungdomsarbeidet.

**MAI 08** **Arna kl. 19.30.** Akkordionkonsert v/Frode Andersen.

**MAI 10** *3. s.e. påske Joh. 14, 1-11.*
**Arna kl. 12.15.** KONFIRMASJONSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer.
**Trengereid kl. 10.00.** KONFIRMASJONSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Takkoffer til Trengereid kapell.

**MAI 17** *4. s.e. påske — Joh. 15, 10-17.*
**Arna kl. 11.30.** Sokneprest Nese. Indre Arna Skulemusikk. Takkoffer til Arna søndagsskulelag.
**Ytre Arna kl. 10.00.** Kap. Johansen. Takkoffer til Blå kors.
**Trengereid kl. 11.30.** Kap. Johansen. Takkoffer til Arna søndagsskulelag.
**Lone kl. 10.00.** Sokneprest Nese.
**Takvam kapell kl. 11.30.** Kateket Erik Rodal.

**MAI 22** **Arna kl. 19.00.** Completorium.

**MAI 24** *5. s.e. påske — Matt. 6, 6-13.*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Menighetfakultetet. Søndagsskule.
**Arna kl. 19.30.** FELLESMØTE.
**Ytre Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.

**MAI 28** *Helgetorsdag — Salme 110, 1-4.*
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer KFUK/KFUM.
**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.

**MAI 31** *6. s.e. påske — Joh. 17, 9-17.*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.

**JUNI 07** *1. pinsedag — Joh. 14, 15-21.*
**Arna kl. 11.** Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til Nordhordlands indremisjon.
**Ytre Arna kl. 11.** Høgtidsgudsteneste. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Den norske muhammedanermisjon.

**JUNI 08** *2. pinsedag — Joh. 6, 44-47.*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen og Sigvald Storheim. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Trengereid kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

**JUNI 14** *Treeiningssøndag — Matt. 28, 16-20.*
**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til IKO.
**Arna kl. 19.00.** KONSERT. Haugland songlag.
**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Diakonutvalet i Ytre Arna.
**Takvam kl. 16.** Gudsteneste.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE





## Døypte

**Ytre Arna sokn:**
15.3. Øystein Almelid, Anniken Smaadal.

**Arna sokn:**
23.02. Ann-Helen Selbak, Henriette Sofie Jørgensen, Vegard Rosenvinge, Christian Kippersund Bratland og Ruben Kleivedal Haugland.
08.03. Preben Stiansen, Morten Knutsen, Robin Kvant Ingebrigtsen og Helene Sæbø Bergesen.
08.03. Tobias André Børdal Røen døypt i Samnanger kyrkje.
22.03. June Johnsen Solberg, Amina Mjeldheim Hennes og Hanne Myklebust.



## Vigde

**Arna sokn:**
Jo André Storebø og Linda Borge, vigde 29.02.92.

## † Døde

**Ytre Arna sokn:**
01.03. Anne Marie Haugland, f. 1908.

**Arna sokn:**
12.02. Ingolf Johan Nilsen f. 1914.
19.02. Jan Juvik f. 1940.
23.02. Margrete Katarina Lie f. 1909.
07.03. Gudrun Martine Borge f. 1894.
17.03. Thorolf Blytt f. 1926.

## Ofringar:

**Ytre Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 21.02. | Det norske bibelselskap | kr. 2.617,- |
| 23.02. | Norges kr. stud. og skoleungdomslag | kr. 1.160,- |
| 01.03. | Menighetshøgskolen | kr. 832,- |
| 08.03. | Misjon i Øst | kr. 735,- |
| 15.03. | Santalmisjonen | kr. 1.418,- |

**Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 23.02. | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 2.781,- |
| 01.03. | De fire diakoniinst. | kr. 3.768,- |
| 08.03. | Norsk misjon i øst | kr. 2.632,- |
| 15.03. | Kyrkjelydshuset | kr. 3.128,- |
| 22.03. | Klubben for dei funksjonshemma | kr. 3.609,- |

## Møter:

**Betania, Lone:**
7.-12.4. Møteveke v/Santalmisjonen
16.04. Nattverdsmøte
20.04. Møte v/NLM
23.04. Møte v/BUF
25.04. Møte v/BUF/Muhammedanermisjonen, Audun Hjellvik
26.04. Møte v/Indremisjonen. Audun Hjellvik
02.05. Medlemsmøte v/BUF.
03.05. Familiemøte kl. 16.30
08.03. Fredagskafé
10.05. Møte v/Israelsmisjonen
14.05. Nattverdsmøte
17.05. Fest. Kåre Eikrem.
21.05. Møte v/Indremisjonen.
25.05. Møte v/NLM
30.05. Ungdomskveld
31.05. Y-ungdomsstemna
04.06. Årsmøte for BUF
05.06. Fredagskafé
08.06. Møte v/Indremisjonen. Leiv Nesheim.

**Ytre Arna bedehus:**
09.04. Møte
17.04. Møte.
26.04. Møte
10.05. Møte
17.05. Fest
24.05. Møte
31.05. Møte
11.05. Møte

**Haugland bedehus:**
16.04. Skjærtorsdagsfest kl. 17.00
05.05. Møte. Kjell Mjelstad og Kormix.
17.05. Familiefest kl. 18.30.



# Kyrkjeskyss til Garnes, Skyggestrand og Trengereid

Kanskje har de som bur i dette området også hug å koma til kyrkje.

Men på grunn av manglande skyss har det vore vanskeleg.

Til kyrkje er det greit, for då går det rutebuss frå Trengereid kl. 10.05, bruk denne.

Bussen som eldresenteret brukar kan vi få leiga, så den vil gå i retur etter Gudstenesta evt. kyrkjekaffi.

Dette vert ei prøveordning 2 søn-/helgedager i månaden, og dei vil verta kunngjorde i kyrkjelydsbladet. Vert det god oppslutnad, kan det verta ei fast ordning.

Dersom nokon har vanskar med å bruka rutebussen, kan de ringja Turid Mjelde, tlf. 24 28 71. Så skal det verta ordna med bil til kyrkja også.

Prøveordninga framover vert:
5. april — 19 april (Påskedag)
24. mai — 7. juni — 28. juni
Velkomen til kyrkje!

**Diakoniutvalget**



# Kyrkjeskyss frå Haukeland/Unneland

12.04: Oddmund Skjoldal ....tlf. 24 28 76
16.04: Skjærtorsdag:
Sverre Myklebust ......tlf. 24 29 05
17.04: Langfredag:
Berit Haugsvær ........tlf. 24 08 15
19.04: 1. Påskedag:
Ingrid Hope ............tlf. 24 98 08
24.04: 2. Påskedag:
Jens Hauge .............tlf. 24 01 43
26.04: Kari Minde .............tlf. 24 01 43
03.05: Oddmund Skjoldal
10.05: Sverre Myklebust
17.05: Berit Haugsvær
24.05: Ingrid Hope
31.05: Kari Minde
02.06: Oddmund Skjoldal
08.06: Sverre Myklebust



**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15
**Kontortid:** Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00 - 12.00.
Torsdag 17.30-19.00
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 24 85 46.
**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00.
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

## ARNA GRAVFERDSBYRÅ
**Kåre Bj. Hope**
**Tlf. 24 08 08**
**Mobiltelefon 090 01504**

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*
Kransebinderi, sløyfetrykkeri.
Annonser, sanger, båretransport.

Espeland Begravelsesbyrå, som i 30 år har vore drive av Kåre Bj. Hope, har frå 1. januar 1992 endra firmanavn til Arna Gravferdsbyrå. Alle tenestene som byrået utfører er dei same som før.

**Tannlege MNTF**
## LINE BORJA
tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46
mellom 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.

## KIRKENS SOS
**Treng du nokon å snakka med?**

**Ring 32 32 00**
**frå klokka 19 til 07**
**alle dagar**
eller mellom klokka 10 og 14 måndag til fredag.

## SAMDALS
BYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1**

**90 19 80 hele døgnet**
***Kommer også hjem for samtale.***
**J. Teigland tlf. privat: 24 22 23**





**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna
**Redaktør:** Audun Stølås
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingvald Straume
**Forretningsførar:** Turid Vie
**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr. 0805 3104445
Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna



## Spesialforretning i blomster
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
## Espeland Gartneri
5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

## Frøydis SALONGEN
**Garnesveien 41 · Indre Arna**
**Tlf.: (05) 24 00 68**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame ● Herre ● Brudepynting**
Fagkunnskap gir trygghet
10% for pensjonister alle dager.

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland A.S
*Ur og Gullsmed*
5260 Indre Arna - Telefon 24 04 96

## FOKUS Bank
Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

## *BLOMSTER*
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
**24 25 95**
a.s. Sarepta
5260 Indre Arna

**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
*Alltid til tjeneste*



# MF-forening i Arna i 60 år

Arna har en forening for Menighetsfakultetet (MF) som har eksistert i 60 år.

Lørdag 14. mars i år feiret foreningen sitt jubileum, fortel Selma Lunde, som er både leiar og kasserar i foreninga.

-Vi møtast kvar 14. dag og vi likar oss så godt i lag at vi held på sjølv om mange av oss begynner å bli gamle, seier Selma Lunde. Ho har vore leiar i foreninga sidan 1970.

Sjølv om MF-foreninga altså er 60 år går det raskt å ramsa opp leiarane i foreninga. Det har berre vore fem.

Martha Hollekim starta foreninga i mars 1932. Vi veit ikkje datoen, berre at det var i første halvdel av mars. Ho var gift med dåverande sokneprest i Arna, Vermund Hollekim.

Då dei reiste frå Arna i 1937 overtok Maria Værn og ho var leiar i 25 år.

Seinare vart Edith Askeland og etter ho Solveig Tesdal leiar for MF-foreninga.

60-årsjubileet vart feira heime hos Anne Karin Hageberg, som er med i foreninga.

På jubileumsfesten deltok også MFs landssekretær Odd Kristoffersen.

MF er den utdanningsinstitusjon som utdanner dei fleste av prestene i Norge.